



Høgskulen på Vestlandet

Jobbnorge-ID: 293948
Søknadsfrist: 01.03.2026
Nettside: <http://www.hvl.no>
Omfang: Heiltid
Varigheit: Åremål

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 900 tilsette og 16 500 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi, samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har fire institutt med tilsette i Bergen, Sogndal og på Stord. Fakultetet er ein av dei største lærarutdanningsinstitusjonane i landet med rundt 5 700 studentar og 530 tilsette, og tilbyr barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning for 1.-7. og 5.-10. trinn, praktisk-pedagogisk utdanning, bachelorutdanningar, masterutdanningar og Ph.d.-program. Fakultetet har eit omfattande etter- og vidareutdanningstilbod. Forskingsaktiviteten ved fakultetet blir organisert i forskingsprogram og forskargrupper.

Stipendiat

Stipendiat ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Ved Høgskulen på Vestlandet er det ledig 3 stillingar som stipendiat ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) er det ledig 3 mellombels stillingar som stipendiat. Stipendiatprosjekta må vere tematisk relevante for fakultetet si forskingsverksemd og for ph.d.-programmet «Studiar av danning og didaktiske praksisar». Denne utlysinga er tematisk retta inn mot samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utanfor!», som Regjeringa har lansert. Sjå: [Ingen barn og unge utanfor](#) Det overordna målet med dette samfunnsoppdraget er å redusere utanforskap blant barn og unge, blant anna gjennom inkluderande læringsmiljø i utdanningsinstitusjonar og fritidsaktivitetar.

Fakultetet si forskning er organisert i eitt forskingssenter, strategiske forskingsprogram som for tida er under revisjon, og 49 forskargrupper. Ei oversikt over forskingsorganiseringa ved fakultetet finn du [HER](#).

Ph.d.-programmet «Studiar av danning og didaktiske praksisar» omfattar om lag 85 stipendiatar. Sjå omtale, studieplan og opptakskrav for programmet [HER](#).

Stipendiatstillingane er rekrutteringsstillingar som skal bidra til eit aktivt forskingsmiljø ved HVL.

Det er viktig at ph.d.-prosjekta vert nært knytt til forskingsaktiviteten ved fakultetet. Søklarane til stillinga må, før søknaden vert utvikla, sjølve ta kontakt med ein eller fleire forskargruppeleiarar for å presentere sin idé til tema for ph.d.-prosjektet og drøfte relevans også i høve til forskargruppa sine aktivitetar, inkludert moglege rettleiarar frå forskargruppa. Dei må deretter få ein kort uttale frå den aktuelle forskargruppeleiararen som stadfestar kontakt, gjensidig interesse og relevans for prosjektet. Denne uttalen må leggjast ved søknaden. Dersom søklar er usikker på kva forskargruppe som kan vere relevant, kan leiar av ph.d.-programmet og prodekan for forskning konsulterast.

Samla stipendiatperiode er 3 år. Dersom instituttet der stipendiaten blir tilsett har behov for å løysa arbeidsoppgåver som kan leggjast til stipendiatperioden, kan stipendiatperioden vere på 4 år, der 25 prosent av tida vil utgjere karrierefremjande arbeid (pliktarbeid) for instituttet.

Det er ein føresetnad at den som vert tilsett har arbeidsplassen sin ved campus Bergen, Stord eller Sogndal i tilsettingsperioden.

Det kan bli gjort frådrag i tilsettingsperioden for eventuell tidlegare rekrutteringsperiode.

Det er ønskeleg at stipendiaten startar i stillinga innan 1.august 2026.

Ansvars- og arbeidsområde:

Stipendiaten skal inngå i eit opplæringsprogram for ph.d.-grad innanfor ei tidsramme på 3 år, eventuelt på 4 år, der 25 prosent av tida vil utgjere pliktarbeid i form av blant anna undervisning og administrasjon ved behov i institutta. Pliktarbeidet skal utførast ved HVL.

I tillegg til å gjennomføre ph.d.-prosjektet, er det forventa at stipendiaten:

- bidreg konstruktivt inn i forskargruppa

- presenterer eiga forskning skriftleg og munnleg i ulike fora, inkludert på nasjonale og internasjonale vitenskaplege konferansar og tidsskrift.
- bidreg aktivt i ph.d.-programmets stipendiatforum med tekstframlegg og innspel på andre sine tekstar.

Kvalifikasjonskrav:

Det er ein føresetnad at stipendiaten vert teke opp på ph.d.-programmet «Studiar av danning og didaktiske praksisar» ved HVL og oppfyller [krava for opptak til Ph.d.-studiet](#).

Tematisk må prosjektet vere forankra i samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utanfor!» Det er ønskeleg å utvikle forskning om kva som formar verdiane, systema og praksisane som legg grunnlaget for inkluderande fellesskap for barn og unge, korleis denne kunnskapen blir implementert i praksisfeltet, og kva innverknad («impact») dei forskningsbaserte praksisar kan ha i praksisfeltet. Vi er spesielt interessert i prosjekt som bidreg teoretisk og metodisk til å kaste lys over kva danning betyr i høve til praksisar i utdanningssystemet.

- Aktuelle tema for prosjektet kan til dømes vere:
 - Barn og unge, og deira erfaringar med inkluderande praksis eller ekskludering i utdanningssystemet.
 - Det inkluderande arbeidet til profesjonelle i utdanningsinstitusjonar.
 - Samarbeid mellom profesjonelle på tvers av ulike sektorar for å oppnå betre inkludering av barn og unge. Dette kan innebere samarbeid med ikkje-formelle utdanningsfelt som kultur og idrett, samt alternative opplæringstilbod eller andre sosialtenester.
 - Organisatoriske aspekt ved å fremje inkluderande utvikling av utdanningsinstitusjonar.
- Søkjar må leggje ved ei kort prosjektskildring på 5 sider (litteraturlista kan koma i tillegg) som kortfatta, men med tydeleg forankring i relevant forskings- og metodelitteratur på feltet, grunnleggjende tema/problemstilling og val av teori og metodisk tilnærming for eit potensielt prosjekt. Denne vert brukt i vurdering av kvalifikasjonane til kandidaten. Prosjektskisser av høg vitenskapleg kvalitet på forskingsområde til FLKI vil bli prioritert.
- Søkjar må ha fullført mastergrad, hovudfag eller tilsvarande og kunne dokumentere gode studieresultat. Normalt vil det vere ein føresetnad at søkjar har følgjande karakter:
 - Masteroppgåve eller tilsvarande: Karakter normalt B eller betre
 - Masterstudie; gjennomsnitt for studiedelen: Karakter normalt B eller betre
 - Ved elles like vilkår vil søkjararar med mastergrad nyare enn 5 år bli føretrekte.
- Søkjarar med mastergrad utan pedagogisk eller didaktisk komponent må dokumentere minimum 5 st.p. pedagogisk utdanning eller 1 års heiltidspraksis frå pedagogisk/didaktisk arbeid.

Nærmare informasjon om doktorgradsprogrammet finn ein [HER](#). Søknad om opptak til dette ph.d.-programmet skal først sendast etter eventuell tilsetning. Seinast 3 månader etter tilsetning må stipendiaten vere teken opp på ph.d.-programmet. I denne perioden vidareutviklar stipendiaten den korte prosjektskildringa si til ei fullverdig prosjektskildring under rettleiing og søker om opptak i ph.d.-programmet. Nærmare informasjon om korleis du søker opptak til ph.d.-programmet finn du [HER](#). Stipendiatar som vert tilsett vil bli oppmoda om å søkje utanlandsopphald i løpet av stipendiatperioden.

Ønska kvalifikasjonar:

Stipendiaten må ha god kjennskap til empiriske metodar for å kunne gjennomføre prosjektet sitt. Dette kan inkludere både kvantitative og kvalitative forskingsstrategiar.

Personlege eigenskapar:

Den som vert tilsett må

- ha gode samarbeids- og formidlingsevner
- ha evne til å arbeide sjølvstendig, ta initiativ og vere fleksibel
- høg etisk medvit i forskingsarbeidet er påkravd (særleg gjeld dette når personar innan eige utdanningsfelt vil inngå som deltakarar i dataproduksjonen)

Korleis søkje på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stillinga" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder;

- masteroppgåva/hovudfagsoppgåva
- prosjektskildring
- ein kort uttale frå den aktuelle forskargruppeleiaren som stadfestar kontakt og gjensidig interesse og relevans for prosjektet
- inntil fem vitenskaplege arbeid du ønskjer å ha med i vurderinga
- fullstendig publikasjonsliste
- attestar og vitnemål.

Dersom vitnemåla, karakterutskriftar eller annan dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Om vedlegga overskridar 25 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggast ved som lenkje, total maksimumsgrense for opplasting av vedlegg er 50 MB.

Søkjarar med utanlandsk utdanning må i tillegg dokumentere at utdanninga samsvarar med norsk bachelor-, master- eller ph.d.-grad. [Sjå www.hkdir.no for meir informasjon om vurdering av høgare utdanning.](#)

HK-dir tilbyr automatisk godkjenning for enkelte gradar frå utvalde land. Dersom utdanninga til søkjaren er dekkja av ordninga med automatisk godkjenning, vil det vera tilstrekkeleg å leggje ved dokumentasjon på dette. [Du kan lese meir om ordninga med automatisk godkjenning her.](#)

Vi gjer merksam på at søknad om vurdering gjennom den ordinære godkjenningsordninga til HK-dir kan ta tid. Du bør difor sende søknad om godkjenning så raskt som mogeleg når du veit at du vil søkje på stillinga. Dersom du ikkje har fått svar frå HK-dir innan søknadsfristen, legg du ved dokumentasjon frå HK-dir om at dei har motteke søknaden din.

Søkjjarar til stipendiatstillingar vert vurdert av ein bedømmingskomité. Bedømminga skjer på bakgrunn av dokumentert kompetanse og andre krav fastsett i utlysinga. På bakgrunn av komitéen si innstilling vil aktuelle søkjjarar bli kalla inn til intervju.

Tilsettingsorgan er tilsettingsutvalget/råd ved Høgskulen på Vestlandet.

Søknadene vert sendt elektronisk til bedømmingskomitéen.

Søknader kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskolen.

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som stipendiat vert lønna i stillingskode 1017 - Stipendiat. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.

Frå lønna vert det trekt 2 % innskudd til Statens pensjonskasse. Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinjer som til ein kvar tid gjeld for stilling.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkjarlista vert handsama etter reglane i Offentleglova. Søkjjarar som har bede om slikt unntak, vert varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følgje.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Høgskulen på Vestlandet er underlagt eksportkontrollforskriften. Forskriften kan komme til anvending i behandling av søknadane.

Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet:

1) Prodekan for forskning, Oded Ben-Horin, + 47 53 49 14 56

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Oded Ben-Horin, Prodekan for forskning

Telefon: +4753491456 | E-post: oded.ben@hvl.no

Arbeidsstad:

- Inndalsveien 28 5063 Bergen (Bergen Kommune)
- Røygata 6 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)
- Klingenbergvegen 8 5414 Stord (Stord Kommune)